



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 Oslo

Arkivnummer
008

Vår referanse
72/2010

Vår dato
29.01.2010

Høringsuttalelse – Forslag til ny jordskiftelov

Det vises til høringsbrev fra LMD, dat. 18.09.2009.

Jordskifterettslederne og jordskifteoverdommeren i Frostating jordskiftedøme har samarbeidet om høringsuttalelsen. Kapitlene er fordelt mellom jordskifterettslederne og jordskifteoverdommeren og er av den grunn skrevet delvis på nynorsk og delvis på bokmål.

Vi har følgende merknader til forslaget:

Kapittel 1

Til § 1-1 Formålet med lova

Vi sluttar oss til at lova kan ha ein formålsparagraf, men foreslår stryking av **mellom anna**. En formålsparagraf må være kort og klar.

Til § 1-2

God og uttømmende om virkeområde. Fast eigedom og rettar bør inn i namnet på lova.

Til § 1-3

Vi ser at definisjonar kan være nyttig for ein som skal ha med lova å gjere for fyrste gong og det er det mange som skal. Det er då avgjerande at definisjonane er korte, klare og eintydige. Der står det att mykje arbeid.

Bokstav f,

Jordskifteløysing vert definert som heil eller delvis **løysing** av det som er til behandling, mens det i særmerknadene side 143 i bokstav g og i § 6-19 går fram at det dreier seg om eit forslag. Det må i det minste definerast som *forslag til heil eller delvis løysing*. Vi syns elles at **jordskifteplan** er eit betre uttrykk.

Bokstav g,

Viser til kommentar under bokstav f.



NORD-TRØNDELAG
JORDSKIFTERETT

Bokstav h,

Semjedom er eit fyndig ord, men utvatnar innhaldet i ordet dom og bør ikkje brukast om tilhøve der partane er samde. Bruk heller nokre fleire ord og kall det for **fastsetting av gjeldande rett** eller **fastsettingsavgjerd**. Framlegg til semjedom skal høyrast hjå partane. § 4 - 4. Det blir feil å kalle det dom når avgjera skal ut på høyring.

Til § 2-2

Paragrafen omhandlar reglar som er av liten interesse for publikum og vi ser ikkje grunn til å gå i mykje detalj. Det er betre med henvising til domstolslova.

I § 2-2 andre linje bør det stå, **som domstolsadministrasjonen bestemmer**.

Andre ledd bør lyde: **For tilkalling av jordskiftedommar gjeld bestemmelsene i domstolslova.**

Bestemmelsene i siste ledd er det unødvendig å ta med i lovteksten.

Til § 2-3

Vi tillet oss å peike på at det er tungt språk utan at vi har eit ferdig formulert betre forslag.

Til § 2-4

Det må gå klart fram av første ledd at dommarstilling også omfattar jordskiftedommarfullmektig.

Aldersbegrensing for dommarfullmektig synest totalt unødvendig og 21 år er i alle fall urealistisk i forhold til utdanningas varighet. Greier nokon å gå ut med master i eigedomsfag før fylte 21 år vil vi gjerne ha tak i vedkommande.

Vi er i tvil om det er rett å innføre eit ufråvikeleg krav til snittkarakter. Innstillingsråd og utnemningsmynde bør til ei kvar tid kunne vurdere konkret om ein søkjar er kvalifisert eller ikkje.

Til § 2-6

Vi foreslår å stryke **i samband med saka**

Til §§ 2-7 og 2-9

Vi foreslår eit og same utval for jordskifterett og skjønnsrett. Vi er klar over at dette vil krevje nye reglar for oppnemning av skjønns/meddommar- utvalet, men finn likevel så store fordelar med eit felles utval at dette må vurderast nøye. Det felles utvalet må vere større enn dagens skjønnsmansutval og betydeleg mindre enn novarande meddommarutval. Utvalet må ha medlemmer med relevant kompetanse for både rettslege skjønn og rettsendrande jordskiftearbeid.

Eit felles utval vil sikre at lagmannsretten kan velje kompetente meddommarar ved ankebehandling , jfr. § 8 – 2.

Til § 2-8



NORD-TRØNDELAG

JORDSKIFTERETT

I tiltaks og vernejordskifte bør hovudregelen være to meddommarar som kan utvidast til 4.

Til § 2-10

Dette må sjåast i samanheng med forslaget om eit felles utval for jordskifte og skjønn. Ved felles utval er det naturleg at både første og andre instans vel meddommarar innafor fylket. I alle fall bør det gå fram av paragrafen om retten er bunden til soknegrensene for oppnemning.

Kapittel 3

Dei viktigaste merknadene knytter seg til desse forholda:

- Eigedomar skal vere eller vil bli utenlege etter tida og tilhøva, før ein skal starte eit jordskifte med sikte på å endre eigedomen.
- ”Ikkje-tapsgarantien” i § 3-3 må klarare bli knytt til tidspunktet for avslutning av saka, og særregel om skiftenytte i enkelte sakstypar bør takast vekk.
- Jordskifterettane må få ein klar heimel til å nekte fremme av eit krav, dersom det ikkje ville kunne gjennomførast sak som vil oppfylle ”ikkje-tapsgarantien”.
- Omgrepet ”tyngsler” må klarare avgrensast i forhold til måten det er brukt på i utkastet.
- Systemet med tanke på verdsetjing, arealverdi, bruksverdi, grunnverdi og at verdimåla skal kunne brukast til å kontrollere at ikkjetapsgarantien er oppfylt, må arbeidast meir med.

Til § 3-2 – Kravet om utenlege eigedomar

Det er forslag om ein ny regel i § 3-2 om samla nytte av jordskiftet. Vi meiner denne regelen med fordel kan strykast. Regelen er overflødig, sidan vi ikkje kan sjå at det i praksis er mogleg å oppfylle regelen i § 3-3 utan samtidig og å oppfylle regelen i § 3-2. Den føreslåtte regelen peikar i retning av ei estimert, talfesta og dokumentert nytte. I staden meiner vi at den avgrensing av bruken av jordskifte som virkemiddel som ligg i gjeldande § 1, vilkåret om at eigedomen må vere utenleg etter tida og tilhøva, bør vidareførast i ny lov.

Kravet om at eigedomane må vere utenlege er ei avgrensing i høve til kva for spørsmål som kan bli løyst ved jordskifte. Det er eitt av dei tre hovudvilkåra som i dag blir prøvd før saka blir fremma. Kva som er utenlege eigedomsforhold er ei skjønsmessig vurdering. Likevel er vi av den oppfatning at kravet er viktig, at det bør stå i lova og at det ikkje bør brukast jordskifteverkemiddel utan at situasjonen i utgangspunktet er utenleg.

I sak 2900-2002-0005, Bjørkås i Porsanger for Hålogaland jordskifteoverrett, ynskte rekvirenten å bytte til seg 1 daa tomt inne på fjellet mot å gje frå seg 1 daa i Lakselv sentrum. Arealet skulle leggest ut rundt ei hytte som grunneigaren hadde kravd fjerna fordi den etter hans syn var ulovleg bygd. I dette tilfellet var det ikkje nytte-kostvurderinga eller tilgjengelege virkemiddel i jordskiftelova § 2 som hindra jordskiftet, men at eigedomen ved Lakselv ikkje var utenleg i jordskiftelova sin forstand. Jordskifteoverretten grunna dette m.a. slik:



NORD-TRØNDELAG JORDSKIFTERETT

”Jordskifteoverretten er derfor kommet til å avvise kravet ..., med den begrunnelse at eiendommen Bjørkås og Lundmark ikkje er utjenlig i jordskiftelovens forstand. Dei fremstår tvert om som en vel arrondert og godt utformet driftsenhet.”

I lovutkastet er kravet til at eigedomane skal vere vanskeleg å nytte (utenleg) tatt vekk. Rett nok brukar jordskiftelova § 3-1 uttrykket ”problemet”, men etter vårt syn er formuleringa i gjeldande lov ein terskel som retten skjønsmessig må passere for å starte ein slik endringsprosess. Vi meiner difor lovgjevar i sterkare grad bør vurdere konsekvensane av å ta bort dette vilkåret, enn det som er gjort i høyringsutkastet.

Til § 3-3 – ”Ikkje-tapsgarantien”

Vi er mindre glad for uttrykket som blir brukt om vilkåret i § 3-3 i høyringsutkastet. Ikkje-tap er etter vårt syn eit betre uttrykk enn ”tapsfråvær” som er eit endå meir konstruert ord.

Til realiteten i § 3-3 meiner vi at andre ledd kan gå ut. Det er eit mål for alle som arbeider med jordskifte å la flest mogleg ta del i skiftenytta. At ein bevisst skal la ein part få all nytte, høyrer ikkje med til det normale. Problemet med regelen som er foreslått i andre ledd er at kvar part får eit lovsikra krav på ein matematisk del av nytta. Det medfører at nytta må identifiserast og estimerast i kvart enkelt tilfelle, før ein kan føre rekneskap som viser fordelinga av den. Dette vil krevje ei vesentleg vidareutvikling av den metode ein så langt har nytta ved jordskifte. Vi kan heller ikkje sjå vekk frå at eit slikt krav vil føre til ein stor ressursbruk i å dokumentere nytta av eit jordskifte.

I § 3-4 er det stilt krav til nyttevurderinga. Etter vårt syn er § 3-3 slik utforma at det utan vidare må vere klart at eit jordskifte ikkje kan avsluttast med ei jordskifteavgjerd som ikkje fyller vilkåret i § 3-3. Spørsmålet er om ordet ”gjennomført” i § 3-3 er presist nok. Enkelte kan nok tolke dette slik at avgjerder fastsett i jordskifte ikkje kan gjennomførast, t.d. nokre år etter at jordskiftet er avslutta. Vi foreslår ”gjennomført” erstatta av t.d. ”avslutta” eller ”vedteke”.

Det sentrale må likevel vere å etablere avslutningsdatoen for jordskiftesaka, som skjeringspunkt for vurdering av vilkåret i § 3-3.

Til § 3-4

I framlegget til § 3-4 kan det sjå ut som om jordskifteretten heile tida skal prøve vilkåra i §§ 3-2 og 3-3. Dette er ein prosessregel som i verste meining kan fungere slik at enkelte partar heile tida gjennom ei sak kan krevje ei slik vurdering. Det sentrale må vere å gje jordskifteretten ein heimel eller eit pålegg om å nekte fremme eller avslutte behandling av ei sak, dersom det er openbart at ein ikkje vil kunne fylle vilkåret i § 3-3 ved avslutning av saka. Dette burde gå fram av § 3-4, første ledd, t.d. slik:

”Jordskifteretten skal gjennom heile saksbehandlinga vurdere om vilkåret i § 3-3 vil kunne oppfyllest. Dersom det er openbart at eit krav om jordskifte ikkje kan løysast innanfor vilkåret i § 3-3, skal saka nektast fremma, og dersom sakshandsaminga seinare viser at vilkåret ikkje kan oppfyllest må saka avsluttast utan realitetsavgjerd.”



NORD-TRØNDELAG JORDSKIFTERETT

[SPM: skulle vi ta med 1. ledd 2. punktum?]

Til § 3-5

Når det gjeld sperretid, vil vi vise til at dagens regel som her er foreslått vidareført kan oppfattast noko upresist. Den er nok skapt i ei tid då ein såg for seg at eit jordskifte tok for seg alt som var av problem innanfor eit geografisk område, og at ein ikkje kunne kome att med nytt jordskifte innan ein gitt frist. I dag kan eit jordskiftekrav gå ut på å avløyse vegrett, medan det kan kome nytt krav nokre år seinare med sikte på å ordne bruken av den same vegen. Spørsmålet blir i så fall om ti-årsfristen skal gjelde. Vi vil foreslå at tiårsfristen blir knytt til formuleringa i § 3-1, slik at eit problem løyst ved bruk av reglane i §§ 3-6 til 3-15 ikkje kan krevjast løyst på nytt som jordskiftesak, før det er gått ti år frå avslutninga av førre sak.

Det kan og vere grunn til å gje regel om kva tidspunkt ein skal rekne fristen frå. Etter vårt syn bør dette vere frå den førre saka blir endeleg avslutta.

Til §§ 3-6 – 3-15

I lovutkastet blir ordet ”tyngsler” brukt fleire stader. I omtalen av § 3-6 står det at ein har valt å nytte ”tyngsler” i staden for det juridiske faguttrykket negative servituttar. I oppslagsverk (m.a. Norsk allkunneboks juridiske oppslagsbok, Fonna Forlag, 1969) blir tyngsle omtala som grunnnyngsle, der den som til ei kvar tid eig eigedommen er pliktig å svare ei yting eller gjere noko til ein annan. I lovutkastet kan det sjå ut som at det er meint plikt, når tyngsle er brukt t.d. i § 3-8.

Grunnnyngsle tilsvarar det vi i dag på bokmål kallar ”grunnbyrder”. Den mest typiske grunnbyrde er kår. Dersom ein vel å bruke ordet tyngsle må lovforarbeida omtale dette endå klårare, og klårt avgrense det til negative servituttar og enkelte plikter. Det finst døme på grunnbyrder som bør bli gjenstand for handsaming i jordskifterett. Vi viser i den forbindelse til at dette spørsmålet er drøfta i rapporten ”Jordskifteverkets framtidige arbeidsoppgåver” kapittel 9.5 side 102-103. Konklusjonen her blei at grunnbyrder skulle kunne handsamast av jordskifterett når det var nødvendig å ta dette med for å løyse eit problem ved jordskifte, men at det ikkje burde vere høve til å krevje eiga sak for grunnbyrder.

Vi vil vidare peike på at omgrepet servitutt og bruksrett er brukt om kvarandre. Slik vi forstår denne ordbruken har bruksrett i samband med fast eigedom eit snevrare omfang enn servitutt. Sistnemnde kan både gjelde positive og negative servituttar, men kan ikkje omfatte grunnbyrder. Bruksrett kan berre omfatte rett til å bruke annan eigedom i større eller mindre grad. Når § 3-9 innleier med følgjande formulering:

”Jordskifteretten kan avløyse bruksrettar, under dette positive servituttar.” Her stiller vi oss spørsmålet om bruksrett omfattar noko meir enn positive servituttar.

I § 3-7 er jordskifteretten gitt heimel til å opprette sameige mellom eigedomar. Dette er eit naturleg verkemiddel for jordskifterettane. Vi vil likevel reservere oss mot den framstillinga som er gitt i kapittel 5.6.4 side 56, der det kan sjå ut til at ein ser for seg ei tilbakeføring av utmarksstrekningar til sameige ved hjelp av dette verkemiddelet. Vi finn det langt meir naturleg i slike høve å bruke reglane om bruksordning, for å bøte på dei ulemper som er skapt



NORD-TRØNDELAG JORDSKIFTERETT

ved for sterk individualisering av t.d. beite og jaktrettar. Vi vil understreke at dette verkemiddelet i første rekke må nyttast for infrastrukturtiltak, mindre fellesområde for bustader m.v. Ei tilbakeføring av utmarksstrekningar til sameige har vi vanskeleg for å sjå skal gje meir tenelege eigedomsforhold.

Vi stiller og spørsmål ved om ikkje regelen i §§ 3-10 og 3-12 kunne vore kombinert i same regel. Oppbygginga her er ikkje ideell sidan begge reglane omfattar negative servituttar, men dei er skilt av § 3-11 som omhandlar bruksordning. Det hadde kanskje og vore naturleg at endring kom før avløyning.

Til reglane i § 3-11 vil vi peike på at oppramsinga i bokstav a) og b) omfattar alle slags område, og at formuleringane ser noko merkeleg ut når ein les begge reglane saman. Vidare vil vi beklage at det ikkje er utreda om jordskifteretten skal kunne halde bruksordning internt i reindrifta. Dette er eit viktig spørsmål, også rettspolitisk, og hadde fortent ein grundig gjennomgang ved denne lovrevisjonen.

Når det gjeld urbant jordskifte har arbeidsgruppa gått inn for ei regelforenkling. Regelen i § 2 bokstav h er erstatta av ny § 3-15 og den såkalla reparasjonsregelen i no gjeldande § 2 bokstav i, som kan nyttast der det oppstår utenlege eigedomsforhold på grunn av godkjende reguleringsplanar, er no å finne igjen i den generelle lovparagrafen for ombygging av grunn, § 3-6. Kravet til semje eller totredjedels fleirtal blant eigarane er borte, og distinksjonen mellom eksisterande og nytt byggeområde i no gjeldande bokstav i er borte.

Lovutkastet er av den oppfatning at reparasjonsregelen i § 2 bokstav i er vidareført med regelen i § 3-6, og med vising til § 3-4 andre ledd. Slik vi ser dette er § 3-4 andre ledd berre ein regel om korleis ein skal vurdere vilkåra for nytte av jordskifte. Då er ikkje dette tilstrekkeleg for å gje jordskifteretten verkemiddel til å løyse problem. Vi meiner difor at det eksplisitt må setjast opp som verkemiddel at jordskifte og kan omfatte utenlege eigedoms- og bruksrettsforhold som vil oppstå som følgje av gjennomføring av godkjend reguleringsplan.

Kravet om semje/totredjedels fleirtal er erstatta av at krav om jordskifte no kan krevjast av ein grunneigar åleine (§ 6-4) eller av tiltakshavarar med heimel til ekspropriasjon til tiltak eller og anlegg (§ 6-5), typisk godkjend reguleringsplan. Lovforslaget er relativt radikalt på dette punktet og ”forenklinga” må etter vårt syn medføre at desse sakene no kjem inn i saksmassen i større grad.

Vi finn grunn til å sette spørsmålsteikn om lovforslaget er meint så radikalt som det kan lesast; at alle (grunneigarar/tiltakshavarar) kan krevje sak etter § 3-15 (alternativt ”reparasjon” etter § 3-6) med basis i godkjent reguleringsplan. Eller om desse verkemidla berre er meint i dei tilfelle kor kommunen har sett krav om fordeling av arealverdiar, jf pbl § 12-7 nr 13 (*reguleringsbestemmelser*).

Generelt meiner vi det er mange overordna samfunnsomsyn som talar for ei meir effektiv gjennomføring av offentleg godkjende planar enn dagens system kor ekspropriasjon sjeldan eller aldri blir teke i bruk. Jordskifte kan for mange grunneigarar oppfattast som eit sterkt inngrep, nesten på linje med ekspropriasjon. Arbeidsgruppa har vore innoverande innom skilnadane



NORD-TRØNDELAG JORDSKIFTERETT

mellom verkemidla jordskifte kontra ekspropriasjon. Vi trur lova, partane og jordskifterettene vil vere tent med ei enda meir grundig rettspolitisk vurdering av desse forholda i forarbeida til ny lov. Konkret bør det då vurderast om ikkje saker etter § 3-15 burde ha den skranke at kommunen har satt krav om fordeling av arealverdiar, jf pbl § 12-7 nr 13.

Til § 3-17

Til § 3-17 første ledd andre punktum stiller vi spørsmål ved om dette kravet kan forståast slik at ein må ha ein verdsetjingsmetode som dokumenterer skiftenytt. I omtalen av regelen, kan det tyde på at lovutkastet ikkje meiner det er nødvendig. Lova sitt krav er at ein skal bruke verdimål som er eigna til prøving av vilkåret om tap og nytte.

Ved verdsetjing etter bruksverdi på tradisjonell måte, vil skifteregnskapet vise at eigedomen har same kroneverdi før og etter jordskiftet. Det vil ikkje kome fram nokon nytte av regnskapet eller av det verdimålet som blir nytta. Det blir retten sitt skjønnsom vurderer om eigedomen utover dette er betre utforma og meir tenleg etter skiftet enn før. Slik lovutkastet er utforma blir det naturleg å krevje verdimål og ein verdsetjingsmetode som dokumenterar nytta. Dette er mogleg, t.d. ved ei verdsetjing i to omgangar før og etter jordskiftet. Dette er ressurskrevjande og har mange manglar ved seg. Metoden blir difor ikkje brukt i praksis. Vi vil be om at andre punktum blir strøken, og at det blir opp til jordskifteretten å gje ei grunngeving om at vilkåret i § 3-3 er oppfylt ved jordskifteavgjerda.

I § 3-17 andre ledd er uttrykket aktuell eller potensiell verdi brukt. I all verdsetjing vil det vere ei blanding av aktuell og potensiell verdi. Det som må vere meint her er kva for ein tekniske tilstand ein skal setje på eit bestemt areal. Vi vil be om at uttrykket aktuell og potensiell verdi ikkje blir brukt i dette tilfellet, men at ein heller viser til arealet sin tekniske tilstand. Er arealet t.d. dårleg grøfta, vil det vere ei betre løysing å setje det i stand igjen enn å gje frå seg eit lågt verdsett område og få redusert eigedomen etter skiftet. Vi har og merka oss at utkastet § 3-22 har ein liknande regel. Det sentrale her er likevel at ein ikkje nyttar omgrepa potensiell og aktuell verdi, men finn andre uttrykk for dette.

Til § 3-21

Det er uttalt i forarbeid til regelen at dette er ei vidareføring av gjeldande lov § 28. Heimelen til å skifte eineiege områder på grunnlag av skatteskylda dersom partane er samde om det, manglar likevel i lovutkastet. Regelen er til tider praktisert, og spørsmålet er om ein treng lovheimel for ein slik snarveg, så lenge dette bygger på at partane er samde om det. I alle fall burde lovforarbeida omtala dette, slik at ein ikkje avviklar ei praktisk ordning.

Arealverdi blir her innført som eit verdimål, jf. § 3-21 første ledd. I andre ledd blir det brukt andre verdimål som grunnverdi og samla bruksverdi. Kva som er arealverdi kan framstå som noko uklart om ein les første og andre ledd samtidig. Her trengs ei avklaring. Etter det vi kan sjå er ikkje arealverdi definert i § 1-3. Heller ikkje §§ 3-17 og 3-18 brukar omgrepet arealverdi.

Det er i tredje ledd opna for større bruk av pengevederlag, også dersom dette påfører ein part tap etter § 3-3. Forarbeida understrekar at dette er tenkt brukt slik at eigedomsgrenser kan følgje vassdrag og vegar i større grad, sjølv om dette gir mindre brot på § 3-3. Det kan stillast



NORD-TRØNDELAG JORDSKIFTERETT

spørsmål ved om regelen slik den er foreslått er for open. Større bruk av pengevederlag er fornuftig, men det burde her kanskje bli gjort ei avgrensing slik at dette ikkje kan bli nytta som ein tvangsmessig "salsparagraf".

Til § 3-29

Denne regelen legg til rette for at jordskifteretten skal ha kontroll med alle eigedomsdelingar på areal som inngår i sak for jordskifteretten. Dette er etter ordlyden ikkje avgrensa berre til jordskifte etter kapittel 3, men til alle saker. Behovet for regelen gjeld etter vårt syn først og fremst i saker etter kapittel 3 og bør avgrensast til dette.

Det andre spørsmålet regelen reiser er om den er klart nok uttrykt. Det blir no eit krav om at berre jordskifteretten kan utføre eigedomsdeling. Det sentrale er likevel at ein søknad om deling ikkje blir handsama etter plan og bygningslov eller jordlov, utan at jordskifteretten har kontroll med om det blir gjeve slikt delingsløyve. Spørsmålet er då om denne formuleringa som her er foreslått er god nok til å regulere dette.

Kapittel 4

Lovforslaget inneheld ingen dramatiske endringar om rettsutgreiingssak og grensesak. Terminologien er definert i § 1-3, bokstav b og c. Grensesak skal bety det samme som grensegang i gjeldande lov.

Til § 4-1

Det må vere ein fordel at vilkåret om "rasjonell bruk av området" er borte. For svært mange eigarar idag, kan eigedomsforholda i deler av marka vere uklare, og det vil vere ein fordel at dette blir avklara og fastlagt, for å sikre mot tvist og vanskelege naboforhold i framtida. For å kunne klarlegge, må noko vere uklart. Eventuelle kverulantiske saksøkarar må kunne lukast ut på det grunnlaget.

Arbeidsgruppa har sjølve peika på at bokstav c kanskje er unødvendig. Så vidt vi kan sjå av matrikkelloven og forskriften til loven, skal ikkje jordskifteretten kunne registrere jordsameige. Klarlegging av eigedoms- og bruksrettsforholda vil derfor vere ei eiga, sjølstendig sak, utan formelle band til registreringa. Jordskifteretten har heimel etter bokstav a, bokstav c er unødvendig. Bør strykast!

Vi meiner uklare forhold omkring eigarseksjonerte uteareal vil kunne vere mykje likt anna areal med uklare rettsforhold, som jordskifteretten bør kunne ta seg av.

Til § 4-2

Slik paragrafen er formulert, må den vel vere meint å vere uttømmende. Når det blir vist til dei enkelte bestemmelsane i matrikkelloven, vil det lett gi tronge rammer for innhaldet. For å opne for andre eventualitetar, kunne formuleringa vore meire generell.

Eit forslag til kortversjon: *"Jordskifteretten kan klarlegge, fastsette og merke grenser for fast eigedom og bruksrett, unnateke innomhusgrenser i eigarseksjon."*

Dersom ein skal halde fast ved opplegget frå arbeidsgruppa, bør det vurderast om formuleringa dekkjer alt som kan vere aktuelt. Arbeidsgruppa har sjølv peika på at jordskifteretten ikkje i eitt og alt skal vere bunden av systemet i matrikkelloven, jfr m a merknadene frå arbeidsgruppa, s 69 om heimelen jordskifteretten skal ha til å halde grensesak for grenser som ikkje er formalisert tidlegare (hevd, alders tids bruk oa). Vi meiner også at



NORD-TRØNDELAG JORDSKIFTERETT

bokstav e er uheldig utforma. Det blir vist til matrikkelloven § 5 bokstav e, men heile denne bestemmelsen er ordrett tatt inn i lovforslaget.

Eit lite mindretal meiner klarlegging og fastsetting av grenser for offentleg regulering av eigarrådvelde må vere ei oppgåve for det offentlege organet som har myndighet til slik regulering. Grensemerkinga kan jordskifteretten ta seg av, dersom ikkje andre kan utføre det tekniske arbeidet.

Til § 4-3

Matrikkelforskriften inneheld forholdsvis tronge grenser for einssidig grensejustering +/- maks 0,5 daa. Vi meiner dette kan vere for trong ramme for handlingsrommet jordskifteretten bør ha. Etter § 3-21 tredje ledd har jordskifteretten heimel til å byte arealverdi mot pengeoppgjær eller anna. Forslaget i § 4-3 bør sjåast i samanheng med denne bestemmelsen om grensejustering.

Til § 4-4

Det er bra at saksbehandlingsregelen for slike avgjerder har fått ei meire generell form enn vi i dag har i § 17 a. Men framleis er det rom for ei enklare formulering av paragrafen

Til § 4-5

Vi meiner det kan stillast spørsmål om jordskifteretten skal ha slike arbeidsoppgåver, men når dette er pålagt i gjeldande lovgjeving, har vi ikkje innvendingar.

Til § 4-6

Ingen merknad.

Kapittel 5

Vi meiner det er bra at arbeidsgruppa har rydda i bruken av ordet ”skjønn” i jordskifteloven, slik at begrepet kan bli meire eintydig Likeeins er det positivt at avgrensinga i stadleg kompetanse, knytta til planstatus i kommuneplan og reguleringsplan, er tatt ut.

Arbeidsgruppa har hatt eit mål om å skrive ein lov som er lettare å finne fram i, og sette seg inn i. Vi tykkjer diverre ikkje dei har lykkast med å gi kapitlet om skjønn ei enkel og oversiktsleg form.

Det blir lista opp skjønn som jordskifteretten kan halde, både i samband med jordskifte, og som eiga sak med heimel i annan lov. Det er forståeleg at arbeidsgruppa ikkje ønskjer å ta inn alle andre lovheimlane i denne lovteksten, men vi meiner det ville vere nyttig med ei setning til slutt om at jordskifteretten kan halde skjønn med heimel i ymse særlover. For den som ikkje har den heile og fulle oversikten, vil det kunne vere ei viktig opplysning, og i lovsamlinga vil det kunne komme vising til dei aktuelle lovene.

Til § 5-1

Vi meiner bestemmelsen kunne vore lettare formulert, og foreslår: ”Når partane er samde om det, held jordskifteretten skjønn i samband med jordskifte, eller som eiga sak.” Forslaget bør dekke det som truleg er meininga.

Til § 5-2



NORD-TRØNDELAG JORDSKIFTERETT

Tiltaksjordskifte og vernejordskifte er definert i § 1-3 bokstav i og j. Definisjonane viser til § 3-4 andre ledd bokstav a og b. § 3-4 inneheld bestemmelser om grunnlaget for nyttevurderingane. Bokstav b i § 3-4 seier ikkje meir enn det som alt går fram av § 1-3. Vi meiner definisjonane burde vore klarare og tydelegare, med betre logisk samanhang i henvisningane. Tiltaksjordskifte og vernejordskifte er så viktige arbeidsoppgåver for jordskifteretten at det burde vore klarare heimla i loven, slik det er i gjeldande lov. Vi meiner det bør vurderast om ikkje desse arbeidsoppgåvene bør få sine egne paragrafar, tilsvarande bestemmelsene om grensesak og rettsutgreiing.

Vi meiner i alle høve at det ikkje kan vere nødvendig at spørsmålet om erstatning eller ikkje først skal avgjerast av dei ordinære domstolane, og at jordskifteretten kjem etter og gjennomfører skjønnet. Jordskifteretten må få heimel som dekkjer heile prosessen.

Til § 5-5

Vi er enige i at det kan vere gode grunnar for å følgje saksbehandlingsreglane i skjønnsprosessloven for skjønn som blir halde som eiga sak. Men vi meiner det bør vurderast om det ikkje vil vere nyttigare å gjere prosessreglane i jordskifteretten gjeldande for alle skjønna, og supplere med reglar frå skjønnsprosessloven, når det er nødvendig. Det ville truleg vore nyttig for å kunne kombinere verkemiddelbruken, og gjere det enklare å behandle ei sak etter alternativt spor, dersom det viser seg å vere nødvendig.

Til § 5-6

Vi meiner dette er ei unødvendig paragraf. Jordskifteretten har heimel i § 6-19 andre ledd til å seie dom når det er tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett o a. Dette gjeld generelt i ei jordskiftesak. Da må vel jordskifteretten ha den samme heimelen når den held skjønn som del av saka. Når jordskifteretten held skjønn som eiga sak, gjeld etter forslaget skjønnsprosessloven § 26: ”Tvist om retten til og betingelserne for skjønnsforretningens fremme eller om, hvad der skal være gjenstand for skjøn, avgjøres under forretningen.” Heile § 5-6 er, slik vi ser det, unødvendig.

Til § 5-7

Vi meiner det er unødvendig med ein eigen paragraf om dette. Jordskifteretten har positiv heimel i § 5-4 til å halde skjønn etter vassressursloven §§ 14 og 31 i samband med jordskiftesak. Skulle jordskifteretten kunne halde skjønn for ekspropriasjon og regulering av eigarrådvelde i vassdrag, måtte det også vere positivt formulert. Det er ikkje noko å gjere unntak frå.

Kapittel 6

Vi er enig med arbeidsgruppa i at jordskifteloven sine saksbehandlingsregler må oppfylle de krav som stilles til en effektiv, rimelig og trygg prosess. Loven må passe med tida og tilhøva og møte de behov eiere, rettshavere og samfunnet har for å få løst konkrete problem og uklare rettslige og faktiske forhold knyttet til fast eiendom.

Etter mandatet skulle tvisteloven, skjønnsloven og annen prosesslovgiving gjøres gjeldende i ny jordskiftelov så langt ikke særlige hensyn tilsa noe annet.



NORD-TRØNDELAG
JORDSKIFTERETT

Forslaget representerer en speilvending i forhold til dagens jordskiftelov, jfr. § 97 der det er listet opp hvilke bestemmelser i tvisteloven som skal gjelde ”så langt dei høver”. Speilvendingen medfører at en lang rekke bestemmelser i tvisteloven som tidligere ikke er gjort gjeldende nå kommer med. En detaljert gjennomgang med kommentarer til dette følger nedenfor.

Etter vår mening vil det nødvendigvis ikke måtte ha så stor betydning at forholdet til tvisteloven er speilvendt. Det som er avgjørende er at de bestemmelser som ikke passer for behandlingen i jordskifteretten blir tatt ut slik at området for vurderingen av hva som høver eller ikke høver ikke blir større enn nødvendig. Vi har foretatt en detaljert gjennomgang av dette nedenfor og mener det særlig må foretas en nøye vurdering av om ikke hele eller deler av kap. 9 og 12 i tvisteloven også bør tas ut. Arbeidsgruppa har på side 93 i høringsutkastet sagt at når det gjelder omgrepet ”*så langt det høver*” er tydinga den at dersom en regel kan bli brukt så skal han bli brukt. Sett i lys av dette blir det svært viktig at de bestemmelser som ikke passer i jordskifteprosessen blir tatt ut slik at en unngår misforståelser og unødvendige prosesser.

Særlig er det etter vår mening viktig å få fram at saksbehandlingen i kap. 3 – saker (rettsendrende saker) krever en annen tilnærming til tvisteloven enn kap. 4 – sakene (rettsfastsettende saker). Når store deler av tvisteloven blir gjort gjeldende er det viktig at det i jordskifteloven fastsettes regler for saksbehandlingen som ivaretar det forhold at kap. – 3 sakene ikke er tvistebehandling i tvistelovens forstand.

Vi mener for øvrig det er svært viktig at de saksbehandlingsregler som fastsettes må ta hensyn til at jordskifteretten også i framtida skal kunne være en arena for selvprosederende parter. Det må ikke formuleres bestemmelser som oppleves som så store skranker for vanlige grunneiere og andre at de av den grunn ser seg nødt til å søke hjelp hos advokater eller andre profesjonelle aktører.

Til § 6 – 1

I § 6 – 1 første avsnitt slås fast at det er bestemmelsene i dette kapitlet som skal gjelde for saksbehandlingen av saker både etter kap. 3 og kap. 4.

I § 6 – 1 andre avsnitt blir det bestemt at reglene i tvisteloven skal gjelde for saksbehandligna ”så langt dei høver”. De skal dessuten gjelde slik det framgår av enkelte paragrafer i dette kapitlet. I tredje avsnitt blir det ramset opp hvilke bestemmelser som ikke skal gjelde.

I tredje avsnitt er konkret ramset opp hvilke regler i tvisteloven som ikke skal gjelde:

a) § 1 – 3 om søksmålsgjenstand, partstilknytning og søksmålssituasjonen

Vi er enig i at denne bestemmelsen tas ut og at det blir fastsatt egne regler om kravskompetanse. Dette gjelder særlig i forhold til § 1-3 (1). Når det gjelder § 1-3 (2) er det vel i og for seg ikke noe i veien for at denne bestemmelsen kunne gjøres gjeldende både for kap. 3 og 4 sakene.

b) Kapittel 4 om stadleg domsmyndighet (verneting)



NORD-TRØNDELAG JORDSKIFTERETT

Det er fastsatt egen regel i § 6 – 3 i forslaget om dette som ikke innebærer endring i forhold til § 12 i nåværende lov. En får dessuten fjernet det uheldige i at § 4 – 5 i tvisteloven som innførte et fritt verneting ble gjort gjeldende etter § 97 i nåværende jordskiftelov.

c) Kapittel 5 om plikter før ei sak blir reist

Vi er enig i at dette kapitlet tas ut. Det passer ikke for kap. 3 – sakene. Det gjelder for rettslige tvister og kunne derfor ha blitt gjort gjeldende for kap. 4 – saker med tvist. Det stilles imidlertid såpass store krav til saksbehandling forut for et krav at det åpenbart ville føre til større advokatbehov og fordyre prosessen for partene.

d) Kapittel 6 om behandling i forliksrådet

Helt enig i at dette kapitlet tas ut. Forlikrådsbehandling egner seg ikke for behandling av de rettsendrende sakene. Det kunne vært en mulighet for noen av de rettsfastsettende sakene. For behandling i forliksrådet er det imidlertid en verdigrense på 125000 kr. oppover når partene har vært bistått med advokat. Videre er det vel sannsynlig som påpekt i høringsutkastet at mange saker ville blitt innstilt etter bestemmelsen i § 6 – 11. Ved behandling i forliksrådet og eventuelt etter overprøving i tingretten vil en dessuten miste fordelene ved merking og kartfesting.

